



Link Arkitektur  
Dreggsallmenningen 10-12  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/703 - 15/31244

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
01.10.2015

## Arkivering av søknad utan handsaming - utslepp av sanitært avlaupsvatn - gbnr 99/4 Våge

Vi viser til Dykkar søknad, journalført med vedlegg den 15.09.2015.

### Vurdering

Søknaden kan ikkje handsamast som på grunn av fylgjande tilhøve:

1. Det går fram av søknaden at avløpsvatnet skal førast til stadeigne lausmassar. Det er ikkje dokumentert at anleggets storleik og plassering er tilpassa dei aktuelle vassmengdene og grunnforholda på staden. Søknaden skal omfatte grunnundersøkingar og innehalde opplysningar om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, laumassanes eigenskapar som reinsemedium og risiko for forureining.
2. Etter det vi kan sjå har ikkje bygningen vore i bruk som våningshus/bustad sidan tidleg på 70 tallet. Den har berre blitt nytta som fritidsbustad. Skal bygningen tas i bruk som bustad må det søkast om bruksendring. Utslipp for anlegg til bustad vil ikkje vere i samsvar med endeleg planar etter plan- og bygningslova då eksisterande bygning er å sjå på som ei fritidsbustad.
3. Det ligg ikkje ved serviceavtale for anlegget.

Vi gjer merksam på at etablering av utsleppsanlegg krev løyve også etter plan- og bygningslova.

### Gebyr

Søknadsppliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
Avvist sak	1	850
Totalt å betale:		<b>850</b>

### Vedtak:

Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.



**Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alf Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET

**Mottakarar:**  
Link Arkitektur

Dreggsallmenning 5003  
en 10-12

BERGEN